



Ordfører Synnøve Solbakken på skulen måndag saman med rektor Vidar Haugland og eit knippe brukarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**For to dagar siden skreiv vi om open dag på skulen måndag og opplyste at dei lokale politikarane glimra med sitt fråvær sjølv om dei var invitert.**

- I dette tilfellet var politikarane "uskuldige", for det viser seg etterkvart at invitasjonen min – i form av mail – ikkje kom fram til adressatane, opplyser rektor Vidar Haugland.

Han har inga forklaring på forsvinninga, men har vondt for å tru på at det kan dreie seg om ein eller annan form for sabotasje.....

Men difor fekk ordfører Synnøve Solbakken, som fekk invitasjonen og kom til skulen, råde grunnen åleine denne gongen.